



ÅRSMELDING 2015 1.1.-31.12.2015

Styret 2015: Eva Almhjell, leiar (2015-2017) og nettredaktør, nestleiar Grethe Larsgard Rudningen (2015-2017), styremedlem Margarethe L'orange, (2014-2016), styremedlem Maria Søndrål (2014-2016), styremedlem Sonnev Skrede (2015-2017) avløyst av Odd Oleivsgard våren 2015 (2015-2017).

Varamedlemmer: Eva Cecilie Sletto (2015-2017), Eli Sælid (2014-2016) og Odd Oleivsgard (2014-2016).

Valnemnd: Brit Kaupang (2014-2016) og Oddvar Reinton (2015-2017).

Rekneskapsforar og kassarar: Ola Ruud (frå hausten 2015).

Revisor: Borgny Thorsrud og Rangdi Skørve.

Talet på styremøter: 5

Medlemstal 31.12.2015: 94

Medlemsbrev: 2 – våren og hausten 2015.

Aktivitetar

Anne-bok lansering

Lansering av boka om Olav Slettos mor, Anne Sletto, i biblioteket på Dr. Holms hotell 7. februar. Stappfull sal med meir enn 60 framfotter i eit forrykande uvær.

Holsdagen 1.8.2015

Margarethe L'orange og Eva Almhjell var med på marknaden med sal av "Per Gjetar" og "Anne Sletto – eit kvinneportrett". Bra sal, og mange trivelege samtaler. Marknaden er blitt ein tradisjon for å vise fram lokale produkt av ulike slag. Viktig å syne fram Olav Sletto-selskapet, konkluderer styret.

Informasjonstavle i Sletto

Olav Sletto-selskapet fekk kr. 5000 i støtte frå Hol kommune til infotavle om Olav Sletto. Etter avtale med grunneigar, blir tavle sett opp i Sletto våren 2016.

Foredrag

Eva Almhjell har halde i alt 12 foredrag i Hallingdal og Vestfold i 2015.

Boksal

Olav Sletto-selskapet har selt 155 Anne-bøker og 12 Per Gjetar i 2015. For kvar bok selt, tener selskapet mellom kr. 100 og 140 kr. Vi har også selt nokre

årshefter og Per Sjol-CDar. I tillegg kjem sal i bokhandlar.

Bokgave frå Arild Mikkelsen

Forfattaren har gitt boka "Folkelig og frilynt i 100 år" til Olav Sletto-selskapet, som takkar givaren.

Årsheftet 2016

Magne Myhren, medlem av Olav Sletto-selskapet sidan starten, og ein ivrig bidragsytar til selskapet, gjekk bort i mai 2015. Arne Skogheim har skrivne minneord.

Olav Sletto i Den kulturelle skolesekken

Elevar i 4. klasse ved Høvet skole arbeidde våren 2015 med eit opplegg som styremedlem Maria Søndrål laga for Den kulturelle skolesekken i Hol. Her viser vi nokre av teikningane og fortellingane elevane laga inspirert av Olav Slettos diktning.

Arne Skogheim las, på oppmoding frå Olav Sletto-selskapet, opp att alle Olver-bøkene, Olav Slettos sjølvbiografi i seks bind. Han presenterte sin lesnad i eit foredrag til årsmøtet 2015. Artikkelen kan lesast som eit ledd i serien "Mi leseoppleving", som Olav Sletto-selskapet starta i årsheftet 2014.

15. september 2015 vitja professor Jørn Øyrehaugen Sunde Gol vidaregående skole med eit foredrag om verdigheit, basert på boka om Anne Jernsdotter Sletto. 200 syttenåringar lytta intenst og applauderte begeistra over det dei høyrde og for sjøve framføringa. Eva Almhjell gir eit samandrag av foredraget.

Rektor ved Hallingdal folkehøgskule, Sander Lilleslett, tala i 1980 om Olav Slettos diktning og sine møter med forfattaren. Høvet var ein kulturkveld ved Gol gymnas, som det heitte den gongen. Også dette eit bidrag til å utdjupe kunnskapen om Olav Sletto.

Rekneskap 2015

Økonomien i selskapet er bra. Blå bokprosjekta; Per Gjetar og boka om Anne J. Sletto, skapar aktivitet og gir inntekter til selskapet. Medlemskontingenten er likevel grunnstammen og svært viktig for selskapets handlingsrom.

www.olav.slettoselskapet.no

Leiaren er nettredaktør. Målet har vore å publisere ei nyhende kvar månad. I 2015 er det publisert i alt 13 artiklar.

Hol, 1. april 2016

Eva Almhjell

Margarethe L'orange

Maria Søndrål

Grethe L. Rudningen

Odd Oleivsgard